

Kategori: Ledelse og styringssystem/Råd og utvalg	Gyldig fra/til:12.12.2022/12.12.2023
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Ledelse og styringssystem	Versjon: 1.03
Godkjenner: Marta Ebbing	Mandat
Dok. ansvarlig: Fagråd for klinisk kommunikasjon	Dok.id: D64463

## Innhold

1	Bakgrunn.....	1
2	Formål.....	1
3	Oppgåver, samansetjing og organisering.....	1
3.1	<b>Oppgåver</b> .....	1
3.2	<b>Samansetjing</b> .....	2
3.3	<b>Organisering</b> .....	2
4	Referansar.....	3
5	Forankring.....	3
6	Endringar sidan forrige versjon.....	3

## 1 Bakgrunn

Helse Bergen har som mål at alle pasientar og pårørande skal bli møtt med respekt og omsorg av tilsette på sjukehuset. For å nå målet om gode pasientmøter som gjer pasientane i stand til å ta aktiv del i eigen helse og behandling, er det avgjerande at helsepersonell har gode kommunikasjons-ferdigheiter og at dei er trygge i rolla si.

Helse Bergen satsar på å utvikle medarbeidarar sin kompetanse i klinisk kommunikasjon. I møte i Føretaksleiinga den 18.06.2019 blei det bestemt at det skulle opprettast eit fagråd for klinisk kommunikasjon for å understøtte denne satsinga.

## 2 Formål

Fagråd for klinisk kommunikasjon skal bidra til gode faglege rammer for leiarforankring av kommunikasjonssatsinga, at tiltak for å auka kompetanse om kommunikasjon er koordinerte og at det blir levert og vidareutvikla kommunikasjonskurs av god kvalitet, basert på metoden 4 gode vaner (4GV). Vidare skal fagrådet bidra til gode og føreseielege rammer for kursinstruktørane for 4GV.

## 3 Oppgåver, samansetjing og organisering

### 3.1 Oppgåver

- Vere eit rådgjevande organ for fagdirektør og for Føretaksleiinga
- Bidra til å synleggjere kommunikasjonssatsinga i Helse Bergen internt og eksternt, blant anna ved å opprette og drifte ei side for fagrådet for klinisk kommunikasjon på intranett/internett

- Gje innspel til dei halvårlege planane for kursgjennomføringane som er utarbeida i Forskings- og utviklingsavdelinga
- Vere diskusjonspartner og rettleiar ved utvikling av nye tilbod som faller inn under satsinga på klinisk kommunikasjon
- Arrangere årlege møte der fagrådet, instruktørar og fagansvarlege for 4GV-kurset og andre kurs som inneheld element av kommunikasjonstrening, møtes for fagleg utvikling og for å diskutere vidare utvikling av kommunikasjonssatsinga
- Oppfølging av samarbeid med andre sjukehus og fagmiljø som satsar på trening på klinisk kommunikasjon
- Bidra til at også andre helseaktørar kan ta i bruk kurs i 4GV
- Bidra til god leiarforankring av satsinga, og at det er god forståing for kva det betyr å ha leiaransvar for instruktørar i 4GV
- Utarbeide ein oversikt over ulike kurs og tiltak i sjukehuset som bidrar til å auke tilsette sin kommunikasjonskompetanse, og sikre god koordinering av desse tiltaka
- Bidra til søknader og forsking- og innovasjonsmidlar for å vurdere effekt av satsing på klinisk kommunikasjon

Referat frå møta blir lagt på Fagrådet si side på Innsiden.

Fagrådet skriv årsrapport som blir presentert for Føretaksleiinga i første kvartal kvart år.

### 3.2 Samansetjing

Fagråd for klinisk kommunikasjon skal bestå av helsepersonell, leiarar og stabstilsette med interesse for og kompetanse innan klinisk kommunikasjon. Det må sikrast god fagleg bredde og fagrådet skal vere tverrfagleg samansett med minst ein sjukepleiar og ein lege som faste medlemmar. To av medlemmene skal ha pasient-/brukar- eller pårørandeerfaring.

Leiar:

- Nivå 2-leiar som har tatt 4GV kurset

Medlemmar:

- To representantar frå somatiske einingar
- To representantar frå Divisjon for psykisk helsevern og/eller Avdeling for rusmedisin
- To brukarrepresentantar
- To representantar frå stabsavdelingane
- Seksjonsleiar for Seksjon for Kompetanseutvikling
- Sekretariatsfunksjon ved medarbeidar frå Seksjon for kompetanseutvikling

Funksjonstida er fire år med moglegheit for forlenging. Fagdirektøren nemner opp nye representantar til fagrådet etter rådslaging med Føretaksleiinga.

### 3.3 Organisering

Fagråd for klinisk kommunikasjon rapporterer til fagdirektør. Fagrådet skal møtast minst fire gonger per år, og det skal utarbeidast ein årleg rapport for aktiviteten i fagrådet.

Fagrådet sin skal ha eigen heimeside på Innsiden, kor møtereferat, årlege rapporter og andre relevante dokument kan publiserast.

Forsknings- og utviklingsavdelinga har sekretariatsfunksjonen for fagrådet, og har ansvar for å kalle inn til møter, lage sakliste og føre referat frå møta.

## 4 Referansar

Interne referansar

[1.1.5-02](#)

[Plakaten 2024](#)

Eksterne referansar

[Heimesida for 4GV på Innsiden](#)

## 5 Forankring

Godkjent i Føretaksleiinga 14.01.2020.

## 6 Endringar sidan forrige versjon

Fjerna namn på medlemmane ettersom det har vore og vil bli utskiftingar.

Forlenget gyldighet til 12.12.2023